



Systrene Nilsen håpar på nye drivarar som kan ta over

Det har meldt seg 2 som interesserte i å leige bygget til Systrene Nilsen men førebels er det ikkje tale om forhandlingar. Då er sonderingar eit meir dekkjande ord, seier Gunnhild Nilsen Hillestad til uskedalen.no. Begge har imidlertid vore på synfaring. Den eine er frå Kvinnherad medan den andre bur på Sørlandet, men er godt kjent med tilhøva i Uskedalen.

# Systemene Nilsen

## STEMNING I SJØKANTEN

torsdag 13. november 2014

### Næringsbygg til leige i Uskedalen

Systemene Nilsen ynskjer å leige ut bygget til anna næringsvirksomhet frå 1. januar 2015. Bygget kan med enkle grep egna seg for ulik næringsvirksomhet.



Går du med planar om å starte for deg sjølv, men manglar bygg til å realisere draumen? Systemene Nilsen ynskjer å leige ut bygget ved sjøkanten i Uskedalen. Bygget ligg nokre meter frå sjøen og berre 200 meter frå riksvegen. Næraste nabo er Uskedalen båthavn, Uskedalen Camping og Spar Uskedalen.

[Slik presenterar Systemene Nilsen seg på heimesida](#)

- Vi har gjeve dei eit tilbod og håpar at ein av dei aksepterar det, seier Gunhild som eventuelt trur på ei løysing før påske. Begge interessentar er interesserte i å satsa på framleis restaurantdrift i Uskedalen.

Det var i fjor haust Gunhild og tvillingsyster Frøydis Nilsen Mathisen bestemte seg for å leiga ut bygget og heldt fram at det med enkle grep kan tilpassast drift som restaurant, kontor, kurslokalar, salslokalar eller velværesenter.

#### Etiketter

- 17.mai(1)
- Bryllup (1)
- Dekking (2)
- Julebord (2)
- Konfirmasjon (2)
- Program (3)
- quiz (3)
- Skaldyraften (4)
- utleige (1)

Totalt antall sidevisninger

23,216

#### Følgere

Bli medlem på dette nettstedet med Google Kontaktnettverk

#### Medlemmer (4)



Allerede medlem? [Logg på](#)

#### Bloggarkiv

▼ 2014 (4)

▼ november (1)

Næringsbygg til leige i Uskedalen

► juli (2)

Gunhild og Frøydis er begge tilsette i anna verksemd og ynskjer å halda fram med det.

Av rekneskapstala går det fram at driftsresultatet vart redusert frå pluss 52 000 i 2012 til minus 204 000 i 2013. Det fyrste driftsåret deira som var 2011 ga ein minus på 20 000. Driftsinntektene var 1 607 000 i 2011, som auka til 1 704 000 året etter, men så gjekk attende til 1 157 000 i 2013.

Gunhild kommenterar desse tala med at ein vesentleg grunn til svikten i driftsresultatet var mindre omsetning. Større konkurranse frå Husnes var merkbar og det var også større faste utgifter, mellom anna personalutgifter. Det var også ålvorlege lekkasjeskader på huset utan at det betydde så mykje for driftsresultatet.

I 2013 var det dessutan mindre aktivitetar og mindre ope enn tidlegare år og det kjem sjølvstilt også til uttrykk i omsetningen.

Men eigarane har stor tru på at det er mogeleg med meir kontinuitet i drifta kombinert med flinke folk i faget.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen

Foto: Privat